

Kulturlandskapsprisen til seterdrift i Sykkylven

(11.05.05) Dravlausstølen og Drotninghaugstølen i Sykkylven kommune er tildelt kulturlandskapsprisen for Møre og Romsdal 2005 . Bakgrunnen for prisen er brukarane sitt verdifulle og haldningsskapande arbeid innan kulturlandskap og økologisk drift. Utdelinga av prisen skjedde på den tradisjonsrike Geirangerkonferansen for landsbruksforvaltninga i Møre og Romsdal.

Gardbrukarane på dei to stølane, Nils Sigurd Drabløs, Odd Drabløs og Kjell Perry Drotninghaug, driv alle økologisk med ei hovudvekt på den gamle kurasane Vestlandsk Fjordfe og Vestlandsk Raudkolle. Dei er aktive i økomiljøet i bygda, og er engasjerte i å få meir økologisk kjøtt på marknaden. Kyrne på setrane held landskapet ope i eit viktig rekreasjonsområde, og gardbrukarane let hytteeigarane og lokalbefolkninga få ta del i seterdrifta. På landbruket si markering av unionsoppløysinga, "Streif 2005", kan alle få oppleve området kring Dravlausstølen og Dronninghaugstølen ved å delta i vandringar i kulturlandskapet, og smake på lokal mat.

Setring i rekreasjonsområde

Prisvinnarane for 2005 driv to setrer i eit område som i dag er sterkt prega av "urban" aktivitet som utstrakt hytteutbygging og alpinanlegg. Området vert mykje nytta av både lokalbefolkninga og folk frå Ålesund som rekreasjonsområdet/ hytteområde. Dette har vorte eit attraktivt friluftsområde på grunn av at det er eit gammalt seterlandskap. Aktiv setring med beiting i friluftsområdet er særskild viktig for å halde landskapet ope.

I det daglege er begge stølane opne for at hytteeigarar kan koma inn og få eit innblikk i kva stølsdrifta går ut på. Det er mange ungar som i desse åra har vore med å henta inn kyrne til kveldsstellet, og som gjerne vil børste og stelle dyra. Denne openheita fører til ein god dialog mellom hytteeigarane og produsentane, og aukar forståinga for verdiane som landbruket representerer.

- I Fjellseterområdet er det hundrevis av hytter. Dei aller fleste er positive til beitedyr, særleg når dei får vite at same rasen har beita her i hundrevis av år, fortel ein av prisvinnarane, Nils Sigurd Drabløs. - Fjøsset er ein samlingsplass for ungar, særleg unge jenter står i kø for å hjelpe til. For dei fleste er dette det første møte med husdyr og levande landbruk. Vi ser kontakten med ungane som ein svært viktig del av stølsdrifta, sjølv om det tidvis er svært arbeidskrevjande, fortel Nils Sigurd Drabløs

Økologisk drift og gamle kurasar

Begge setrane driv økologisk kumjølkkproduksjon. Dei har hovudvekt av kurasane Vestlandsk Fjordfe og Vestlandsk Raudkolle, og er aktive i organisasjonen "Laget for Vestlandsk Fjordfe". Alle kyrne går i utmark heile sommaren. Mjølka vert levert til Tine Meieriet Vest i Ålesund, der mjølka vert tappa som økologisk, og seld i butikkane på Sunnmøre som Tine økologisk lettmjølk.

Sykkylven kommune er den kommunen i Møre og Romsdal som har størst økologisk drive areal i prosent av totalt dyrka areal (per 31.12. 2004 var det 17,7%). Prisvinnarane er aktive i arbeidet med å rekruttere nye produsentar til å drive økologisk, og er ein del av eit større økologisk miljø i Sykkylven.

Meir økologisk kjøtt til marknaden

I 2004 gjekk prisvinnarane, saman med 6 andre økologiske mjølkeprodusentar og saueprodusentar, inn på eit prosjekt for å auke salet av økologisk kjøtt til marknaden. Dette vart gjort i samarbeid med Stranda vidaregåande skule og salsledda Petrine Gjestgiveri og Økodirekt AS. I det 3-årige prosjektet er det mellom anna planar om å utvide til eit lokalt foredla produkt. Prosjektet vert støtta av Statens landbruksforvaltning gjennom marknadsmidlar for økologiske produkt.

"Streif 2005" i Sykkylven

Under landbruket si markering av unionsoppløysinga; "Streif 2005", er eit av hovudstreifa i Møre og Romsdal lagt til Sykkylven 3. juli. Drotninghaugstølen og Dravlausstølen vert ein viktig del av Streifet. Då er alle velkomne til å oppleve dette fantastisk flotte området gjennom vandring i kulturlandskapet og smak av lokal mat.

Kontaktpersonar:

- Om prisen og grunngjeving - fylkesagronom Rannveig Djonne: [tlf 71 25 81 24](tel:71258124) – [mob 47291012](tel:47291012)
- Kontaktperson for prisvinnarane – Nils Sigurd Drabløs: [tlf 70250770](tel:70250770) - [mob 90989109](tel:90989109)

